

Bergensbanen si forkorting i aust og vest

**SLAGET OM NTP STÅR TRULEG ALT
I LØPET AV JANUAR!**



TIL VENER AV BERGENSBANEN

Kva kan de som organisasjon gjera for å påverka regjeringa og Frp?

Kan de få medieoppslag, skrive lesarinnlegg? Kan de ha aksjonar som synleggjer at det er naudsynt med våre prioriteringar på Bergensbanen i NTP?

Ta kontakt med Hilde Magnusson om de har planar eller vil diskutera korleis de kan bidra i dei neste vekene.

Hilde.marie.magnusson@vlfk.no og mobil 41 56 64 50

Bergensbanen si forkorting i NTP samanheng er to store fellesprosjekt:

1. Ringeriksbanen og E16 - FRE16 i aust
2. Ny veg og bane mellom Bergen og Voss - K5 i vest

FELLES ARGUMENTASJON:

Tog er miljøframkomstmiddel nr. 1!

Tog kan frakte store mengder personar inn og ut av byar, og er klart det beste klima- og miljøalternativet.

Tog aukar trafikktryggleiken ved mindre trafikk på vegane av både personar og gods.

Heilskapen i NTP er å sjå

samferdsel i eit klima- og miljøperspektiv for regionar, landet og verda.

Me må difor satsa på tog. Med fire timer med tog mellom Noregs to største byar har me eit klart alternativ til fly.

El-bilar vil ikkje på nokon måte løyse desse utfordringane mellom aust og vest.

FRE16

Ringeriksbanen vil skapa ein bu- og arbeidsregion på Ringerike som er berre 30 minuttar frå Oslo.

Dette vil få store positive ringverknader for Ringeriksregionen.

Ringerike kommune har bidratt med sin del ved å bruka nær 2,5 mrd. i infrastruktur for å være klar til å ta imot veksten som kjem.

Ringeriksregionen kan avlasta det

presset som i dag er i Osloregionen. Hallingdal står klare til å ta imot reisande gjester med tog sommar som vinter, og har store investeringar på gang når vedtak for bygging er klart.

K5

Veg og bane mellom Bergen og Voss er ikkje trygg, K5 er naudsynt for å trygga hovudvegen og Bergensbanen mellom Oslo og Bergen.

I tillegg vil det bli ei halvering av reisetida med tog mellom Bergen og Voss ned til 40 minutt,

noko som vil gje regionen aust for Bergen ein vekst som bu- og arbeidsregion.

Stamvegen mellom Bergen og Voss har stor trafikk og når den vart bygd på 1990-talet, så var den svært tidssparande. Eit sentralt spørsmål me må stilla er: kvifor er det ikkje

samfunnsøkonomi i å sikra denne strekninga for nye 50 – 100 år?

Det er ei stor avgjersle å ta å bygga fellesprosjektet K5 - men det er ei like stor avgjersle å sende folk ut på denne veg- og banestrekninga kvar einaste dag!

Ta kontakt med underteikna om det er spørsmål.

Med venleg helsing

Hilde Magnusson

Dagleg leiar Forum Nye Bergensbanen
M. 41 56 64 50 hilde.marie.magnusson@vlfk.no



@NyeBergensbanen



@forum_nye_bergensbanen

www.nyebergensbanen.no



**Forum
Nye
Bergensbanen**
Einbane for framtidia